Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Beit og Brom

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Haus

Emne:

Bygdelag: Skuggestrand

Oppskr. av: Martin Teines

Gard: Teines

(adresse): Teines brevh. pr. Bergen

G.nr. 83 Br.nr. 3

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Ad 1: Beit og brom, som her gjeng under felles namnet skav, då ordet brom ikkje er kjend her i denne tydnad (som her meint), vart mykje nytta til krøturfôr i gamal tid og er i nokon mon til dels nytta enno.

Ad 2: Ein kallar det å beita, å skava. Nokon serskilt slede til å henta beit og skav på, kjenner ein inkje til.

Ad 3: Beiti, som det fine bjørkeriset vart nytta til, henta ein heim etter som det trongst fram etter vinteren. Kunne ein køyra eller drage på slede tok ein vinterveden heim i so heile tre som mogeleg og beita han av heime i tunet. Måtte ein derimot bera veden heim på ryggen beita ein han gjerne av ute i skogen og bar beiti heim serskilt. Og til brom, som ein serleg nytta til kyrna i vårknipa, nytta ein helst kvistar med knuppar og lauvsprett av selje, rogn og hegg.

928

Ad 4: Til beiting og brom nytta ein vanleg sigd.

Ad 5: Beiti vert gåve både til kyr og sau fram etter vinteren.
Kyrne får oftaste litt stråfôr - høy eller halm, saman med beiti.

Ad 6: Fôret vert alltid gåve beisti på båsen eller i gjøta.

Ad 7: Nokon skikk som nemnd i punkt 7 kjenner ein inkje til her hjå oss.

Svar på emnelista nr. 7 kjem seinare.

Tunes, 27/12-47.

Martin Tunes.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

928